

Referanse nr.	Saksh.	Dykkar ref.	Dato
23/81895	Ingrid Karin Kaalaas - 56 57 50 00 - post@bjornafjorden.kommune.no		21.12.2023

Budsjett 2024/Økonomiplan 2024 - 2027

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

SAK 193/2023, 14.12.2023 Bjørnafjorden kommunestyre

Vedtak:

1. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2024 – 2027 med dei endringane som går fram av Budsjettdokument frå FrP/H versjon 14.12.2023.

2. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar slike netto driftsrammer for sektorane 2024/økonomiplan 2024 – 2027:

	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027
Fellesområde	15 690 000	45 635 000	60 909 000	65 367 000
Stab	54 278 000	54 278 000	54 278 000	54 278 000
Oppvekst	828 546 000	816 071 000	803 881 000	791 561 000
Helse og velferd	707 214 000	690 294 000	684 894 000	684 494 000
Samfunnsutvikling	61 197 000	57 104 000	56 079 000	54 939 000
Sum løyvingar drift, netto	1 666 925 000	1 663 382 000	1 660 041 000	1 650 639 000

Jfr. forskriftstabellane Bevilgningsoversikt drift §5-4 (1. ledd), Bevilgningsoversikt drift § 5-4 (2. ledd) og Økonomisk oversikt drift § 5-6. Merknad: Budsjettramma til Samfunnsutvikling er inklusive kalkulatoriske poster (avskrivinger og renter) vedr sjølvkostanlegg.

3. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar slike investeringar og finansiering av desse:

Investeringsbudsjett 2024 - 2027			Vedtatt				
Prosjekt	Prosjekt	Prosjektramme	Ny prosjektramme	År 2024	År 2025	År 2026	År 2027
2020	Klassesett PC	Årsprosjekt	Årsprosjekt	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
2000	Hjelpemiddellager/base heimetelester	59 400 000	Utsett	0	0		
2010	Bufellesskap	55 000 000	55 000 000	15 000 000	0	0	0
3000	Veifordsteknologi	Årsprosjekt	Årsprosjekt	4 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
6022	Kjøp av utleigebustader	15 000 000	15 000 000	6 000 000			
3810	Microhus	4 000 000	7 400 000	4 400 000	0	0	0
4091	Flaumskring Langedalsvatnet	Ikke satt	Ikke satt	0		500 000	0
4090	Flaumskring Strandvik	4 000 000	4 000 000		1 500 000	2 500 000	0
6080	Os Brannstasjon - rein/skitten sone		4 000 000	4 000 000			
6020	Kjøp av tomter og bygg	Årsprosjekt	Årsprosjekt	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
6030	Prosjektering utbyggingsområder	Årsprosjekt	Årsprosjekt	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6040	Uteområde skular/barnehagar	Årsprosjekt	Årsprosjekt	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6100	Ombygging kommunale bygg	Årsprosjekt	Årsprosjekt	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
5000	Ombygging Kommuretunet	-	-	3 000 000	0	0	0
7230	Kommunal infrastruktur	Årsprosjekt	Årsprosjekt	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
7220	Industri kai Eikelandbosen	8 000 000	12 000 000	0	0	0	0
Nytt	Industri kai Osøyro			0	0	0	0
7244	Kommunal veg Revsåsen	26 300 000	26 300 000	13 300 000	3 000 000	0	0
7261	Parkering i fjell	Ikke satt					
7263	Parkeringsløsning Osøyro	2 000 000		0	0	0	0
7271	Vegkryss Steinneset			0	0	0	0
7281	Bru over Oselva					0	0
7270	Tiltak i trafikksikringsplan	Årsprosjekt	Årsprosjekt	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
7500	Rullande materiell	Årsprosjekt	Årsprosjekt	8 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Delsum ordinære prosjekt				76 200 000	28 000 000	26 500 000	23 500 000
Prosjekt				År 2024	År 2025	År 2026	År 2026
9000	Avlupsprosjekt	Årsprosjekt	Ny prosjektramme	30 000 000	30 000 000	30 000 000	30 000 000
8110	VA anlegg ny veg Åsen	42 000 000	42 000 000	20 000 000	10 000 000	0	0
8000	Vassprosjekt	Årsprosjekt	Årsprosjekt	30 000 000	30 000 000	30 000 000	30 000 000
Delsum Avgiftsfinansierte prosjekt				80 000 000	70 000 000	60 000 000	60 000 000
Sum investeringer				156 200 000	98 000 000	86 500 000	83 500 000
Ny prosjektramme				År 2024	År 2025	År 2026	År 2027
1170	Egenkapitalinnskot KLP	Årsprosjekt	Årsprosjekt	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
1000	Utlån startlån Husbanken	Årsprosjekt	Årsprosjekt	80 000 000	80 000 000	80 000 000	80 000 000
1000	Avdrag startlån	Årsprosjekt	Årsprosjekt	12 000 000	12 500 000	13 000 000	13 500 000
Sum finansieringsbehov				249 200 000	191 500 000	180 500 000	178 000 000
Finansiering:				År 2024	År 2025	År 2026	År 2027
9999	Lån investeringar			-83 446 000	-41 457 000	-80 600 000	-78 200 000
1000	Innlån Husbanken			-80 000 000	-80 000 000	-80 000 000	-80 000 000
1000	Mottatte avdrag på utlån			-12 000 000	-12 500 000	-13 000 000	-13 500 000
9999	Mva kompensasjon			-9 980 000	-3 600 000	-3 900 000	-3 300 000
9999	Sal av tomter/eigedom			-50 000 000	-50 000 000		
9999	Sal av utleigebustader			-3 000 000			
9999	Tilskot/refusjon frå private					-2 000 000	-2 000 000
9999	Tilskot frå Husbanken			-9 774 000	-2 943 000		
9999	Tilskot frå fylkeskommunen						
9999	Tilskot frå staten						
9999	Overført frå driftsbudsjettet			-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Sum finansiering				-249 200 000	-191 500 000	-180 500 000	-178 000 000
Udekket finansiering				0	0	0	0

Jfr. forskriftstabellane Bevilgningsoversikt investering §5-5 (1. ledd) og Bevilgningsoversikt §5-5 (2. ledd).

4. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at samla bruk av lån til investeringar i varige driftsmidlar 2024 er kr 83.446.000. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at det blir tatt opp nytt lån til investeringar i varige driftsmidlar på inntil kr 83.446.000 i 2024, jfr kommunelova §14-15. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.

5. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at det blir tatt opp startlån i Husbanken til vidareutlån på inntil kr 80.000.000. Nedbetaling av låna skal skje i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.

6. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at låna i låneporteføljen kan refinansierast i året. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om refinansiering av tidlegare opptatte lån, herunder fullmakt til å underteikne lånedokument.

7. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar betalingsssatsar, avgifter og gebyr for 2024 slik det går fram av kommunedirektøren sitt budsjettframlegg, med unntak av dei endringane som går fram av Budsjettokument frå FrP/H versjon 14.12.2023 vedr brukarbetaling basseng Luranetunet, betaling for bubil parkering og gjestehamn og infoland/eigne meklarpakkar.

8. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at BIR Privat AS blir delegert fullmakt til å fakturere og krevje inn avfallsgebyret på vegner av Bjørnafjorden kommune, jfr §12 i *Forskrift om håndtering av avfall fra Husholdning*. Avfallsgebyret tilhøyrrer Bjørnafjorden kommune.

9. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at prisen på lovpålagt renovasjon for 2024 blir auka med 5%. Unntak er eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane som blir uendra frå 2023 og brukarpåslag for nedgravde fellesløysingar som aukar med 89,2%. Kommunalt påslag blir auka med 2,5%. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar avfallsgebyr i henhold til vedlegg «Pristabell renovasjonsgebyr Bjørnafjorden kommune 2024».

10. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar å bruke høgste sats for kommunalt skatteøyre.

11. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at ev positivt premieavvik i budsjettåret blir sett av på fond for å dekke utgiftsføring av premieavviket påfølgjande år (1 års amortisering).

12. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at administrasjonen har fullmakt til å bruke fondsmidlar til det føremålet kommunestyret har bestemt, ref. Økonomireglementet. Administrasjonen har og fullmakt til å gjere budsjettreguleringar som følgje av dette.

13. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at budsjettamma for Kontroll og revisjon blir sett til kr 2.058.000, jfr vedtak frå møte i kontrollutvalet 12.09.2023 i sak PS 29/23 – Budsjett for kontrollarbeidet i Bjørnafjorden kommune 2024.

14. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at tilskotet til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd for 2024 blir sett til kr 15.646.000. Tilskot til Fusa frivilligsentral for 2024 blir sett til kr 786.000.

15. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar budsjettframlegget frå Os Idrettspark Bjørnafjorden KF, men slik at kommunalt tilskot 2024 til skulebading blir sett til kr 2.622.000, kommunalt tilskot til idrettshall og uteanlegg blir sett til kr 4.897.000.

16. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar budsjettframlegget frå Oseana Bjørnafjorden KF, men slik at kommunalt tilskot for 2024 blir sett til kr 6.142.000.

17. Kommunedirektøren får fullmakt til å kjøpe og selje utleigebustader innnafor dei summene som er sett opp i budsjettet for 2024 - 2027.

18. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommunedirektøren om å legge fram tertialrapportar for kommunestyret som gir oversikt over kommunen si drift og økonomiske stilling. Rapportane skal og vise framdrift og utvikling i prosjekt «Omstilling 25».

19. Kommunestyret ber om at oppfølging av tiltak i Budsjett 2024/Økonomiplan 2024-27 vert rapportert til formannskapet på alle sektorar basert på mal nytta innan Helse og velferd gjennom 2023. I tillegg ber vi om tilsvarande detaljert rapportering på nedtrekk av årsverk knytt til vedtekne tiltak.

20. Kommunestyret ber om eiga politisk sak i jan./feb. 2024 for gjennomgang og eventuelt endringar i Omstillingshandboka for Bjørnafjorden kommune. Saka må vurderast om rutinar for stillingskontroll og verkemiddel knytt til nedbemanning (gåvpensjon, sluttpakkar osv) er tilfredsstillande med dei årsverksreduksjonar som no skal gjennomførast i kommunen.

21. Kommunestyret ber om at det innan 30.06.24 vert lagt fram prinsipsak med vurdering av kva tenester som kan eigna seg for konkurranseutsetting i økonomiplanperioden. Ein skal spesielt vurderast tenester der ein kan forventast lågare kostnader og/eller høgare kvalitet i tenesteproduksjonen, samt kor velfungerande marknaden er for dei aktuelle tenestene (tal potensielle leverandørar osv.).

22. Arbeidet arealeffektivisering knytt til dei kommunale tenestene må halda fram med mål om å avvikla bruk av leigde lokale, framleige av lokale eller utleige/sal av lokale kommunen eig sjølv.

23. Kommunestyret ber om ei eiga sak innan 01.04.24 der ein vurderer avvikling av eigenregiteamet. Saka må synleggjera dagens organisering og bruk av teamet, økonomi, samt føremoner og ulemper med eit slikt team.

24. Kommunestyret ber om eiga sak innan 01.03.24 om utlysing av kontrakt for etablering av småbåthamn framføre Os Sjøfront, ref. gjeldande reguleringsplan og kommunen sin rett til å disponera dette arealet til småbåthamn.

25. Kommunestyret ber om ein gjennomgang av merkevareprosjektet knytt til Bjørnafjorden kommune, og at det vert utarbeida ein tiltaksplan for forankring av verdiar, visjon, misjon og visuell profil.

26. Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd ein eigen frivilligstrategi for Bjørnafjorden kommune. Strategien skal peika på korleis kommunen best kan samarbeida med frivillig sektor, korleis vi skal organisera arbeidet og kva tilbod vi kan overføra til lag og organisasjonar evt. mot eit økonomisk vederlag.

27. Kommunestyret ber administrasjonen om å gå i dialog med Vestland fylkeskommune/Skyss med mål om få på plass nattlege ferjeavgongar Hatvik-Venjanaset.

28. Tenesteutvalet får i oppdrag å arbeida saman med ungdomsrådet og finna modellar som kan bidra til meir aktivitet og ope i Ung Arena.

29. Vi ber kommunedirektøren vurdere hvordan private aktører, inkludert sosiale entreprenører, kan bidra til å skape verdi innen helse- og omsorgssektoren.

30. Vi oppfordrer den nye kommunedirektøren til å skape en kultur som fremmer bevissthet om effektive innkjøp og bruk av varer og tjenester, med sikte på å styrke mulighetene for ytterligere besparelser på offentlig innkjøp i kommunen.

31. Vi ber kommunedirektøren om å halda trykk på arbeidet med å etablere kollektivterminal og planlegging av parkering i fjell på Osøyro, og etablere fleire innfartsparkeringar i kommunen.

32. Vi oppmodar kommunedirektøren til å halda fram arbeidet med å få etablert ei felles takstsone for kollektivtrafikken i heile kommunen. Det vil vera eit godt bidrag til den felles kulturbyggjinga i kommunen, og vil redusere trafikkutgifter for folk

Med vennleg helsing

Ingrid Karin Kaalaas
Økonomisjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.